

Årsmelding for Sund VA 2017

Endringar i aksjelov og rekneskapslov for små foretak medfører at det frå rekneskapsåret 2017 ikkje lenger er krav til styrets Årsberetning. Endringa er likevel slik at styret kan velja å avgje ei melding med informasjon om selskapet si drift. Styret har valt å utarbeida «Årsmelding for drifta i Sund VA 2017», med informasjon om drifta til eigar Sund kommune etter endra regelverk, og meiner dette også kan gje god informasjon til innbyggjarane i kommunen.

Verksemda

Sund vatn og avlaup AS sitt vedtektsfesta føremål:

«Kjøp, utbygging, drift og vedlikehald av vass- og avlaupsanlegg i Sund kommune, og andre oppgåver knytt til det».

Selskapet vart skipa 12.11.1998. Frå 01.01.2000 overtok selskapet ansvaret for drift og utbygging av offentlege vass- og avlaupsanlegg i kommunen. Frå 01.01.2002 overtok selskapet òg ansvaret for tømning av private slamavskiljarar.

Organisasjon og personale

Selskapets styre har fem medlemmer, to kvinner og tre menn. Pr 31.12.2017 var det ni tilsette i selskapet, to kvinner og sju menn.

Arbeidsmiljøet er godt og det er ikkje registrert ulykker med personskade. Sjukefråværet var 0,9 % og korttidsfråværet var 0,7 %.

Vaktordning og driftsovervaking

Selskapet har vaktordning som handterer alarmtelefonar og meldingar om driftsproblem. Vassverka, høgdebassenga og dei fleste pumpestasjonar for avlaup er knytte til anlegg for driftsovervaking. Tidleg varsling av feil og tilgang til informasjon om drifta gjer at ein kan førebyggja og redusera ulemper for abonnentane.

Avlaupsanlegga

Drifta ved avlaupsanlegga har i 2017 vore stabil og god. Det vil framleis vera behov for å investera i anlegg og vidareføra tiltak for å utbetra eldre leidningsnett for å sikra drifta.

Vassverka

Stranda/Glesnes vassverket er rehabilitert og dette gjev auka driftstryggleik og betre HMS i produksjonsprosessen. I 2017 blei arbeidet starta opp med utbygging av to nye høgdebasseng, Midtstegen og Forland, som er venta ferdigstilt sommaren 2018. Når dei to høgdebassenga vert teken i bruk vert kapasiteten i høgdebasseng totalt auka med 50%, noko som gjev auka tryggleik for innbyggjarar og industri, dersom alvorlege uhell på leidningsnettet for vatn skulle oppstå. Sund VA leverar òg vassforsyning til abonnentar på Haganes etter avtale med Fjellvar.

Slamtømming private slamavskillere

Sund VA handterer avgifter og kontrakt med undertransportør for slamtømming private slamavskillere. Frå 01.01.2017 blei det i samarbeid med kommunane Fjell, Øygarden og Os inngått avtale med ny transportør

Planar og gjennomføring

Vass- og avlaupsanlegga i Sund vert bygde ut etter prioriteringa i hovudplanane 2015 - 2025 for vatn og avlaup, vedtekne av kommunestyret 16.06.2015. Framdrifta for utbygginga vert tilpassa tilgjengeleg kapital i form av vass- og avlaupsgebyr, og framdrifta for veganlegg som inngår i samordna utbygging. Det er eit overordna mål at ein med utbygging av vass- og avlaupsanlegg skal leggja til rette for bustadbygging i alle bygdene i Sund, og sikra god vassforsyning til industrien.

Ein har lukkast i Sund kommune med å kombinera utbygging av VA-anlegg med vegutbetring, gang- og sykkelveg og veglys. Samordna utbygging har dei siste åra gjort det mogeleg å få til omfattande utbygging av VA og opprusting av vegnettet, noko som og har gitt kostnadsbesparelser for alle partar i utbygginga.

Den samordna utbygginga som er gjennomført, hadde ikkje vore mogleg for kommunen utan velviljen som prosjekta har møtt hos Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune, grunneigarane og andre samarbeidspartnarar.

Utbygging Eide – Spildepollen

I samarbeid med Statens vegvesen og Sund kommune vart det i 2017 satt i gang utbygging av fortau/gang- og sykkelveg, opprusting av veg, trafikksikring og nye VA-leidningar. Prosjektet blei meir krevjande enn forutsett, blant anna grunna vanskelege fjellparti. VA utbygginga bind Kørelen vassverk saman med Glesnes og Telavåg, og ein kan kopla ut Telavåg vassverk og auka sikkerheit og kvalitet på leveranse av vatn til innbyggjarane i Telavåg.

Planarbeid Vorland – Forland

I samarbeid med Statens vegvesen og Sund kommune er det utarbeidd planar for utbygging av gang- og sykkelveg, opprusting av veg, trafikksikring og nye VA-leidningar. Reguleringsplan er godkjend og Sund VA avventar finansiering av vegbygginga som ein føresetnad for ei samordna utbygging.

Planarbeid Kausland – Goltakrysset

Det har vore gjennomført grunnnerverv på heile strekninga, samt innleiande samtaler angående finansiering. Sund VA avventar reguleringsplan og finansiering av vegbygginga som ein føresetnad for ei samordna utbygging.

Planarbeid FV-198 Klokkarvik

Det har vore gjennomført grunnnerverv på heile strekninga, samt innleiande samtaler angående finansiering. Sund VA avventar reguleringsplan og finansiering av vegbygginga som ein føresetnad for samordna utbygging.

VA-gebyr og regulativ

I 2016 utarbeida Sund Kommune nye forskrifter og nytt regulativ for VA, gjeldande frå 01.01.2017. Gjennomføring av endringane i nytt regulativ vart utfordrande både for Sund VA og abonnentar, då ein samstundes tok i bruk Matrikkel for å stadfesta størrelsen på eigedommane, noko som medførte endra areal for ein del abonnentar.

For 2017 vidareførte ein gebyrnivået uendra, men ein del abonnentar fekk reduksjon medan andre fekk auke i gebyr grunna endringar i nytt regulativ og bruk av Matrikkel.

For 2018 er gebyr for avlaup og slam vidareført utan auke, medan gebyr for vatn er redusert med 7%. Reduksjonen i gebyr for vatn er knytt til abonnentsavgifta for å stimulere abonnentane til reduksjon av vassforbruket og påverknad av det ytre miljø.

Arbeidet med gjennomgang av kundedatabase og utbygging av infrastruktur har i 2017 ført til fleire abonnentar og auka inntekt, i hovudsak på vatn.

Det er kommunestyret som fastset forskrifter, regulativ og dei årlege gebyr.

Sjølvkost og fond

Som eit ledd i styrets arbeid med kvalitetssikring av sjølvkost innan vatn, avlaup og slamtømming, har styret i 2017 drøfta revisjon av sjølvkostrekneskap og fond med selskapets revisor. Når revisor har ferdigstilt arbeidet, og styret har behandla dette, vil ein leggja fram sak for kommunestyret. Revidert sjølvkost og fond for 2017 vil då verta ein del av drøftingane for avgiftsnivå 2019. Vidare har styret vedtatt at ein frå rekneskapsåret 2018 skal ta sjølvkostfonda inn som ein del av finansrekneskapen og at sjølvkostrekneskap blir tatt inn i noter til rekneskapen.

Eigenkapital og økonomi

Sund kommune har etablert Sund VA med 25 mill kr i aksjekapital, og har vedtektsfesta at ein ikkje skal ta utbytte. Årlege overskot i selskapet blir lagt til eigenkapitalen noko som styrkjer selskapet si vidare investeringsmulegheit til utbygging av infrastruktur VA.

Selskapskontroll

Kontrollutvalget i Sund Kommune har i 2017/2018 gjennomført selskapskontroll av Sund VA. Styret har i styremøte 02.05.18 avgitt høyringsuttale til rapporten som skal handsamast i Kontrollutvalet den 15.05.2018.

Nye Øygarden kommune

Kommunane Sund, Fjell og Øygarden skal slåast saman til nye Øygarden kommune 01.01.2020. I samband med kommunesamanslåinga har utval for eigarskapsmodellar i fellesnemda for nye Øygarden kommune tilrådd ein fusjon av Sund VA AS med Fjellvar AS og med tilsvarande einingar i Øygarden kommune til selskapet Øyvar AS. (Øyva AS) Fellesnemda for nye Øygarden kommune skal sluttbehandla rapporten om samanslåing i møte den 18.06..2018.

Midtstegen, 31.12.2017
02.05.2018

Sund vatn og avlaup AS

Styret



Bjørn Ove Børnes





Liv Trellevik

Liv Trellevik



Wenche Hamre Kauffman

Geir-Elling Nygård



Jan Rune Skoge

Michal Forland
dagleg leiar